

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»  
  
«KONTAKT»

## Høyring godsbåt Bergen - Gulen, Solund og Askvoll

Sogn og Fjordane fylkeskommune inngjekk i 2011 avtale om godsframføring med båt Bergen - Gulen, Solund og Askvoll for perioden 01.05.2012 - 30.04.2020 med opsjon på 2 år. Oppdraget var ei vidareføring av etablert fylkeskommunalt tilbod i området. Opsiønen er utløyst og vi må avklare om det skal vere eit tilsvarende tilbod etter 01.05.2022.

Det er fylkeskommunen si oppgåve å tilby eit tenleg tilbod til sine innbyggjarar. Innanfor mobilitet og kollektivtrafikk er det berre skuleskyss som er lovpålagt. Tenestenivået på det vi tilbyr utanom skuleskyss er det Vestland fylkeskommune sjølv som bestemmer.

Vi ønskjer ei tilbakemelding frå kommunane på behovet for godstransport og forslag til korleis dette behovet kan løysast.

### Godsbåten Bergen - Gulen, Solund og Askvoll

Denne båten er ein rein godsbåt som gjennomfører 3 rundturar pr veke med utgangspunkt i Bergen. Båten leverer/hentar varer i Bergen og 14 definerte stoppestadar:

- Eivindvik
- Mjømna
- Nyhammar
- Dingja
- Storakersund
- Hardbakke
- Nåra
- Kolgrov
- Færøy
- Ytrøy
- Lågøy
- Hersvikbygda
- Buskøy
- Bulandet
- Værlandet

I tillegg får stadar som ikkje ligg i ruteplanen, men som ligg i nærleiken av ruta stopp inntil 2 dagar pr veke.

I anbodsutlysinga vart det gitt følgjande informasjon om godstypar:

*Transportopplegget som vert tilbydd må som eit minimum kunne gjennomføre transport av vareslaga nedanfor etter til ei kvar tid gjeldande regelverk.*

- Dagligvarer

- *Kjølevarer*
- *Fersk fisk*
- *Lange lengder (12 meter)*
- *Plater (2 \* 6 meter)*
- *Volumgods*
- *Gass*
- *Dyr*
- *Mjøl*
- *Bilar*

*Når det gjeld transport av kjølevarer er det spesielt viktig med ubroten kjølekjede.*

Dei siste åra har båten transportert frysevarer i tillegg til det som er nemt ovanfor.

I ei grov analyse vi har gjort på transporten til dei mindre stadane utan vegsamband har vi notert dette:

Husøy 5 - 10 gonger pr år  
 Material ( 500 kg - 2 tonn, 3 - 7 m)  
 Vaskemaskiner, kjøleskap o.l.

Nautøy 20 - 30 gonger i 2020  
 Material (500 kg - 2 tonn, 3 - 7 m)  
 Vaskemaskiner, kjøleskap o.l.

Færøy 1 - 2 g pr veke  
 Aluminium 6 m  
 Plater 2 \* 6 m 4 - 5 tonn pr gang  
 Gass (Acetylen og oksygen, sveisegass) - maks 200 kg  
 Material (500 kg - 2 tonn, 3 - 7 m)  
 Vaskemaskiner, kjøleskap o.l.

Buskøy 1 - 2 g pr veke vår sommar og haust - sjeldnare ellers  
 Material 500 kg - 2 tonn, 3 - 7 m)  
 Vaskemaskiner, kjøleskap o.l.

Lågøy 1 - 2 g pr veke  
 Deler til maskiner  
 Motorar maks 500 kg  
 Gass maks 100 kg  
 Material (500 kg - 2 tonn, 3 - 7 m)

Gåsvær ikkje innom pga. kaiforhold

Saltskor 1 gong pr veke  
 Matvarer 100 - 200 kg  
 Båtar  
 Material (500 kg - 2 tonn, 3 - 7 m)  
 Vaskemaskiner, kjøleskap o.l.

Oddekalv 5 - 10 gongar pr år  
 For 1000 kg  
 Material ( 500 kg - 2 tonn, 3 - 7 m)  
 Gjødsel 600 kg  
 Vaskemaskiner, kjøleskap o.l.

Storakersund 20 - 30 gongar pr år  
 For, gjødsel 600 - 1000 kg  
 Material (500 kg - 2 tonn, 3 - 7 m)  
 Ved - fordeling i området  
 Dyr i kasser 3-4 meter lengde 80 cm breidde 3 - 4 kasser pr tur

Mykje av godset vert transportert til/frå stadar som har tilbod om gods på landevegen.

Ei grov inndeling av godset til stadar med veg:

Hardbakke/ Inkl. Solund verft	3 gongar pr veke Stål 6 - 12 meter Gass Maling Bygningsartiklar Andre småforsendelsar	150 tonn pr år 50 tonn pr år 30 tonn pr år 50 tonn pr år
Nåra og Ytrøygrend	3 gongar pr veke Matvarer Notimpregnering inkl. retur Diverse	550 pallar pr år 1070 pallar pr år
Værlandet	1 - 2 gongar pr veke Fiskereiskap	520 pallar pr år
Bulandet	1 - 2 gongar pr veke Fersk fisk inkludert retur kar	170 tonn pr år

I tillegg kjem ein del mindre sendingar.

Det er ingen leveransar i Gulen i dag - bortsett frå Nyhammar som har veg/ferje.

Båten fraktar i underkant av 2000 tonn årleg og inntektene har variert mellom 3,2 mill. kroner pr år og ned til dagens nivå på om lag 2,4 mill. kroner pr år. Vestland fylkeskommune betalar i 2021 3,7 millionar kroner for denne tenesta.

## Alternative løysingar

Det å ha eit system for levering av gods blir opplevd som særleg viktig for alle dei som bur på veglause stadar. For stadar som for eksempel Hardbakke, Nåra og Værlandet er det reelle alternativ med bil og det meste av transportbehovet til private og næringslivet på slike plassar kan løysast av kommersielle aktørar på veg eller sjø.

Administrasjonen har vurdert om det er mogleg å løyse deler av eller heile transportbehovet til stadar utan vegsamband ved å montere kran på ein av passasjerbåtane på rutepakke 3 i Solund.

I kontrakten på passasjerbåt står fylgjande om godsframføring:

### 2.7.5 Krav om frakt av gods

*Operator skal utføre transport av gods og pakker. Operator må gjøre avtaler om frakt. Operator må selv ta ansvar for og alle kostnader i forbindelse med godstransporten slik som f.eks. utstyr, lager, ekspedering, innlevering og utelevering.*

*Det er i hovedsak mindre pakker som blir transportert.*

Etter dialog med operatør om å bygge eit anna fartøy enn det som var tenkt har Skyss konkludert med at det er høg risiko for at ein ikkje vil kunne sikre seg mot at den økonomiske balansen i kontrakten vert endra og at ein dermed står overfor ei ulovleg endring, jf. FOA § 28-2 bokstav b dersom operatør får større godsansvar.

I tillegg ville ei ordning med større godsansvar berre løyst deler av dagens godstransport. Plater, material, for og gjødsel er eksempel på gods som passasjerbåt med kran ikkje ville løyst utan at det vart bygt ein uforholdsmessig stor båt.

Etter vurderingane ovanfor meiner administrasjonen at vi har 3 alternativ som politikarane i hovudutval for samferdsel og mobilitet må ta stilling til.

- i. VLK tek ikkje ansvar for godstransport til stadar utan veg ut over det godset som kan fraktast med passasjerbåt til stader der ein har dette som tilbod.

- ii. VLFK vidarefører ordning tilsvarende dagens ordning
- iii. VLFK etablerer lokalt godsrutetibod i området dvs. hovudsakleg Solund

Alternativ i: VLFK tek ikkje ansvar for godstransport til stadar utan veg ut over det godset som kan fraktast med passasjerbåt til stader der ein har dette som tilbod.

Med dette alternativet vil godsbåten bli lagt ned og godsframføring i VLFK regi vil bli på passasjerbåt i samsvar med det som står i punkt 2.7.5 ovanfor om krav om frakt av gods.

Alternativ ii: VLFK vidarefører ordning tilsvarende dagens ordning

Dette inneber ei vidareføring av båt som går mellom Bergen og Gulen, Solund og Askvoll med gods til stader både med og utan veg. Med fallande godsmengde vil det naturleg bli ein diskusjon om det vil vere fornuftig med leveranse 2 dagar pr veke i staden for 3.

Alternativ iii: VLFK etablerer lokalt godsrutetibod i området dvs. hovudsakleg Solund

Med dette alternativet vil ruta mellom Bergen og Gulen, Solund og Askvoll bli erstatta av ein godsbåt som går lokalt i området. Om båten skal ha utgangspunkt på f.eks. Hardbakke, Askvoll eller andre plassar har ikkje vore diskutert. Med utgangspunkt i godsmengda til stadar utan veg kan det sjå ut som 2 dagar pr veke vil vere tilstrekkeleg.

### Høyring

Vi ønskjer tilbakemelding frå kommunane på behov og korleis dei ulike alternative løyser behova.

Dersom kommunane ser andre alternative løysingar så set vi pris på tilbakemelding om det.

Det er fint om kommunen kan ha dialog med næringsliv og andre naturlege interessentar og samordne eit felles høyringssvar.

Dersom kommunen/kommunane har spørsmål eller ønskjer eit møte med administrasjonen for på utdjupe høyringssvaret kan de sende e-post til [oystein.hunvik@vlfk.no](mailto:oystein.hunvik@vlfk.no).

Vi ser føre oss å bruke høyringssvara i samband med utarbeidning av den politiske saka. I tillegg vil vi legge høyringssvara ved saka.

Det er ønskjeleg, men ikkje avgjerande at saka kjem opp i hovudutval for samferdsel og mobilitet 25. mai. For å få dette til må vi ha **tilbakemelding seinast 4. mai**.

Dersom kommunen har problem med å levere innan 4. mai er det fint om vi får tilbakemelding om det slik at vi kan flytte saka til møtet den 8. september.

### Med helsing

Øystein Hunvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

### Mottakarliste

Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Gulen kommune	Eivindvikvegen	5966	EIVINDVIK
	1119		
Solund kommune		6924	HARDBAKK
			E